



# Vang kommune

ArkivSakID: 22/351  
JournalpostID: 22/8592  
ArkivID: K2-L79  
Saksbehandlar: Magnus Lajord

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
073/22	Kommunestyret	20.10.2022

### Kommunale bustadtomter Tyinkrysset

#### Vedlegg:

19.05.2022 Kommunale bustadtomter Tyinkrysset 190543


#### Saksopplysningar

Kommunestyret fatta 19.05.2022 fylgjande vedtak i sak KS-027/22(sjå vedlagt):

- *Dei to kommunale bustadtomtene i Tyinkrysset sentrum og dei tre kommunale bustadtomtene på Høgeseth skal inntil vidare vera i kommunen sin eige og skal difor ikkje seljast eller tildelast*
- *På det tidspunkt det blir aktuelt med sal eller anna bruk av desse tomtene, skal dette fremmast som eige sak for kommunestyret*
- *Kommunedirektøren får fullmakt frå kommunestyret til å inngå avtale med Grindaheim Røde Kors Hjelpekorps om å lokalisere den mest eigna tomte på Høgeseth og inngå avtale om overdraging eller disponering. Eventuell tilkoblingsavgift til vatn/avløp blir behandla på vanleg måte som delegert sak ihht. det ein kvar tid gjeldande gebyrregulativ*

I løpet av juli vart det i samsvar med vedtaket ovanfor gjennomført ei synfaring med representantar frå Grindaheim Røde Kors Hjelpekorps (GRKH) som ynskjer å reservere tomt markert med A på Høgeseth (sjå kartutsnitt på neste side). Det er førebels ikkje inngått avtale mellom kommunen og GRKH, men denne avtalen vil partane få på plass når det blir aktuelt med bygging av garasje.

I etterkant av vedtaket i mai har det og meldt seg tre lokale interessantar som ynskjer å kjøpe tomt på Tyinkrysset. Saka om bustadtomtene kjem difor opp til ny politisk behandling.



## Vurdering

Det er særskilt punkt to i vedtaket i sak 027/22 som kunne fått ei betre underbygging i vurderinga:

- *På det tidspunkt det blir aktuelt med sal eller anna bruk av desse tomtene, skal dette fremmast som eige sak for kommunestyret*

Spørsmålet er kva tid er «på det tidspunkt...». Det som låg til grunn for denne formuleringa var å vente til ein såg vidare utvikling på Tyn-Filefjell. Fredensborg Fritid Vang er no godt i gang med si planlegging, og når kommunen etter kvart får på plass tilstrekkeleg reinsekapasitet så ligg det meste til rette for ei utvikling av området, nye reguleringsplanar og konkretisering av ul i ke byggetiltak.

Utgangspunktet for vedtaket var altså potensielt og vente i fleire år til ein kom i gang med reguleringar i området og fekk vurdert nærare om det kan vera naudsynt med areal til t.d. eit kommunalt tenestetilbod, kommunale bustader/leiligheier, eller liknande.

Som kjent er tomtene i sentrumsområdet og på Høgeset regulert til kombinert arealføremål, og ein kan ved søknad få bruksendring frå bustad til fritidsbustad eller motsett.

Det er klart positivt at det er interesse for dei kommunale tomtene. Det kan vitne om at ein allereie ser ein effekt av at det har kome inn ein stor aktør som kan lyfte området vidare.

Kommunedirektøren meiner likevel at det er lite som har endra seg sidan vedtaket i mai, og at det vil vera strategisk av kommunen å halde att tomtene til ein får avklara eit mogleg framtidig behov.

Dersom kommunen likevel legg opp til sal av ein eller fleire av desse tomtene må ein syte for ein god og rettferdig prosess. Kommunedirektøren vil då tilrå at ein får henta inn verditakst på tomtene. Vidare kan alle som er interessert melde seg innan ein sett dato og at det blir loddtrekning. Alternativt at ein nyttar meglar og at dei blir seld i budrunde.

Dersom ein eller fleire tomter blir seld og det blir søkt om tilskot til bustadhus, så bør kommunen vurdere å sette vilkår ved dette tilskotet at søkjar(noverande eigar) eller framtidig eigar ikkje kan søkje bruksendring til fritidsbustad før det har gått t.d. 10 eller 15 år.

## Framlegg til vedtak

Vang kommunestyre vedtek fylgjande:

- Dei to kommunale bustadtomtene i Tynkrysset sentrum og dei tre kommunale

bustadtomtene på Høgeseth skal inntil vidare vera i kommunen sin eige og skal difor ikkje seljast eller tildelast

- Når ein kjem kjem i gang med reguleringsplanar i området og kommunedirektøren ser det som aktuelt å vurdere sal eller anna bruk av desse tomtene, skal dette fremmast som eige sak for kommunestyret

Kommunestyret 20.10.2022:

### **Behandling:**

Nytt framlegg til vedtak, foreslått av Ove Martin Stende, Arbeiderpartiet

1. Dei to kommunale tomtene i Tyinkrysset sentrum skal inntil vidare vera i kommunen sin eige og skal difor ikkje seljast eller tildelast ennå.
2. Dei tre i Høgeset vert selt som bustadtomter med klausul at dei ikkje kan omdisponerast til fritid på 15 år.
3. Pris for desse tomtene kan ein nytte pris som vart fastsett ved opparbeiding av feltet. Indeksregulerast.
4. Ein må ved neste rullering av arealdelen seta av eigna areal til bustadføre mål i Tyinkryss området.
5. Ber adm greie ut om ein må omregulere eller om dette kan løysast på anna juridisk måte.

Nytt framlegg til vedtak, foreslått av Tom Kjetil Tørstad, Senterpartiet

Kommunestyret vedtek å omregulere dei omtala tomtene til boligformål. Eit salg av tomtene kan fyrst skje etter at endra regulering er på plass.

Nytt framlegg til vedtak, foreslått av Erlend Haaverstad,

Kommunestyret har til intensjon å selje tomtene ved Høgeset til bustadføre mål. Kommunedirektøren kjem tilbake med eit forslag på korleis dette bør gjerast på neste møte.

Nytt framlegg frå Kommunedirektør falt: Samrøystes

Nytt framlegg frå Ove Martin Stende var stemt over mot framlegget frå Tom Kjetil Tørstad (SP). Nytt framlegg til vedtak frå Ole Martin Stende (AP) var vedteke med 9 stemmer mot 8.

Desse stemte mot:

Torstein Lerhol (SP)

Ida Heensbakken Østvold (MDG)

Marit Andrisdotter Kvam (SP)

Kristin Bakke Lajord (SP)

Tom Kjetil Tørstad (SP)

Torstein Brekke-Devola (BIV)

Elisabeth Hålien (BIV)

Leif Solemsli (BIV)

### **KS- 073/22 Vedtak:**

1. Dei to kommunale tomtene i Tyinkrysset sentrum skal inntil vidare vera i kommunen sin eige og skal difor ikkje seljast eller tildelast ennå.
2. Dei tre (4) i Høgeset vert selt med klausul at dei ikkje kan omdisponerast til fritid på f.eks 15 år.
3. Pris for desse tomtene kan ein nytte pris som vart fastsett ved opparbeiding av feltet.

Indeksregulerast.

4. Ein må ved neste rullering av arealdelen seta av eigna areal til bustadføremåli Tyinkryss området.
5. Ber administrasjonen greie ut om ein må omregulere eller om dette kan løysast på anna juridisk måte.